



Advokat Vegard Nataas
Kaigaten 1D
5015 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 18/1832 - 18/19415

Saksbehandlar:
Tore Johan Erstad
tore.johan.erstad@meland.kommune.no

Dato:
14.09.2018

Godkjenning - GBNR 23/567 - Endring av delingsløyve for BK09


Administrativt vedtak. Saknr: 235/2018

Tiltakshavar: Boligbygg Vest AS
Søknadstype: Søknad om endring løyve til tiltak utan ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-2

SAKSUTGREIING:

Tiltak:

Meland kommune gav gjennom vedtak datert 31.08.2018, sak 220/2018, løyve til frådelling av 3 parsellar innanfor delområde BK09 på Elvaåsen. Tiltakshavar har no søkt om ei mindre endring av dette løyvet for å legge til rette for hensiktsmessig parkeringsplass på kvar av eigedomane, dvs hus 20 og 21. Nye grenser vist gjennom innsendt situasjonsplan:



Nabovarsling:

Det er ikkje trong for nabovarsling av endringssøknaden, som berre berører interne forhold i feltet, jf pbl § 21-3, 2. ledd.

VURDERING:

Lov- og plangrunnlag:

Det blir vist til vedtak av 31.08.2018 for gjennomgang av plan- og lovgrunnlag, samt vurdering av vilkår for dispensasjon frå regulert utnyttingsgrad.

Føreliggjande søknad inneber ikkje endringar av dei reelle tilhøva på staden knytt til utomhusareal mv., men sikrar ny eigarar parkeringsareal på eigen grunn.

VEDTAK:

«Meland kommune gir i medhald av plan- og bygningslova § 20-4, jf. § 20-2 og 20-1 bokstav m), løyve til deling av gbnr. 23/567, område BK09, for oppretting av tre nye matrikkeleiningar, i samsvar med løyve gitt i vedtak datert 31.08.2018, sak 220/2018, men med dei endringar som går fram av situasjonskartet journalført motteke 10.09.2018.

Grensene mellom eigedomane blir som vist på situasjonskartet ovanfor, men nøyaktig storleik og grenser mellom eigedomane blir fastlagd i samband med gjennomføring av oppmålingsforretning etter matrikkellova.

Løyvet fell vekk dersom det ikkje er gjennomført oppmålingsforretning etter lov om eigedomsregistrering innan 3 år etter at løyvet er gjeve, eller dersom matrikkelføring vil vera i strid med lov om eigedomsregistrering, jf. pbl § 21-9.

Saka er behandla og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til Fylkesmannen i Hordaland, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Gebyr for sakshandsaminga blir ettersendt.

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Tore Johan Erstad
Juridisk rådgjevar

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Vedlegg:

A10-23 Situasjonsplan Fradeling Elvaåsen_trinn 2

Kopi til:

Per Atle Sæle

Mottakere:

Advokat Vegard Nataas

Kaigaten 1D

5015

BERGEN

Olafia Zoega

Tysseland Arkitektur AS

Strandgaten 19

5013

BERGEN